

30. august 2022

Varsel om oppstart av detaljregulering for Fiskebekk - Straumen hyttefelt del av 13/3 – Kviteseid kommune

I medhald av lov om planlegging og byggesaksbehandling av 27. juni 2008, § 12-8 blir det med dette varsla om oppstart av arbeid med detaljregulering for Fiskebekk – Straumen hyttefelt i Kviteseid kommune. Område høyrer til eigendom 13/3. PLANID: 3821-20220002

Planområdet ligg i austre enden av Vråvatn, mellom Straumen og Fv 38 og er vist på vedlagt kartutsnitt med avgrensing. Området er delvis utbygd i tråd med reguleringsplan for Straumen II. Området er om lag 283 daa, av dette er om lag 15 daa utviding frå tidlegare plan. Området er i kommuneplanens arealdel registrert med reguleringsplan som framleis skal gjelde og eit mindre areal i LNF område. Det er ikkje stilt krav om konsekvens utgreiing, dette er avklart i formannskapet i Kviteseid i sak 80/22, 18.08.2022

Referat frå oppstartsmøte, KU-vurdering og protokoll frå formannskapsmøte følgjer vedlagt til offentlege instansar, for andre kan det sjåast på kommunens heimeside.

Målet med planen er å regulere til bygge område for fritidsbustader i 3 delområder innafor planområdet, samla utgjør desse områda om lag 20 daa. Eksisterande hytter i området har full sanitær standard, det vil bli utarbeida ny heilskapleg vatn og avlausplan for området.

Planarbeidet vil følge dei føresegner og retningslinjer som går fram av gjeldande kommuneplan for Kviteseid. AT Skog as har hatt oppstartsmøte med Kviteseid kommune ved interkommunalt plankontor i forkant av arbeidet, og har fått klarsignal om å varsle oppstart av planarbeidet. Oppstartsmøte ble gjennomført 19.05.2022.

Planarbeidet vil starte opp omgåande. Forslag til detaljplan er tenkt oversendt kommunen for behandling våren 2023.


Vi ønsker at dei som har interesser i området og meiningar om kva som er viktig å ta omsyn til, gir innspel om dette. Kommentrar/ merknader til planarbeidet skal sendast skriftleg til **AT- skog, Klokkarhamaren 6, 3870 Fyresdal** eller på e-post mg@atskog.no innan 17.10.2022. Kopi kan sendast til Kviteseid kommune på e-post: info@nissedal.kommune.no eller til Kviteseid kommune v/interkommunalt plankontor, Treungvegen 398, 3855 Treungen

Nærmare opplysningar kan man få ved å kontakte Mona Gundersen på tlf 957 94 342.

Vennleg helsing
for **AT Skog AS**

Mona Gundersen

Vedlegg: Kartutsnitt med planavgrensing



Rødt område er reguleringsplanområdet.